

Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

Tid: Onsdag 8. august, kl. 13:00 – 14:30

Stad: Formannskapssalen, Midtgard

Til stades: Bjarne Eiolf Holø (BEH), Terje Hoel (TH), Herdis Kvamme Repp (HKR), Sander Sælthun (SS) og Trine Solberg Johansen (TSJ).

Ikkje møtt: Roger Haugen (RH) og Bjørn Bakke (BB).

Møteleiar: Ordførar Bjarne Eiolf Holø

Møteagenda:

- Trafikksikker kommune
- Oppdatering/rullering handlingsplan i trafikksikringsplanen
- Brubakken – framdrift
- Tilbudsordning for auka sykkelbruk, Statens vegvesen
- Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
1	Referat frå førre møte vart gjennomgått og godkjent.	BEH
2	<u>Trafikksikker kommune</u> Lom kommune har ikkje motteke nokon <i>formell</i> attendemelding på at kommunen er trafikksikker. Det er mogleg det vert stadfesta i fylkestinget etter sumaren, men det skal undersøkast for å klarheit omkring stadfestinga og den formelle attendemeldinga.	TSJ
3	<u>Oppdatering/rullering handlingsplan i trafikksikringsplanen</u> Handlingsplanane (førebygging og fysiske tiltak) vert gjennomgått. Det er einigheit i at dei førebyggjande tiltaka bør dokumenterast gjennomført skriftleg frå dei som står som ansvarlege, gjerne i samband med siste møte for året i trafikksikringsutvalet. Handlingsplanen for fysiske tiltak vert oppdatert, sjå vedlegg.	TSJ
4	<u>Brubakken – framdrift</u> Det var anbudsrunde før ferien for utføring av arbeidet i Brubakken, og det er sendt ut informasjon til barnehage og grunneigarar om arbeidet som skal føregå. Prosjektet ligg innanfor fristen for utføring så langt.	TH
5	<u>Eventuelt</u> <i>Parkering i sentrum</i> Sander Sælthun informerte om parkeringssituasjonen i sentrum . Klokkargardtomta er utbedra for parkering av bubilar og bilar med campingvogn. Det er satt opp midlertidig skilting for dagparkering. <i>Skiltplan</i> 2 skiltplanar for sentrum har vore på høyring – ein for skuleferie og ein for resten av året. All skilting må godkjennast gjennom skiltplanar. Fosstugu er ikkje med i skiltplanane.	SS SS

<p><i>Skulestart og trafikkssikkerheit</i> Vegetasjon langt vegar må ryddast slik at det sørgjast for fri sikt – slik det er nedfelt i veglova. Spesielt ved avkjørsler, vegkryss og langs gang- og sykkelvegar er dette viktig, særleg med omsyn til born og unge.</p> <p><i>Møteplan</i> Einigheit om at møte i trafikkssikringsutvalet bør skje kvartalsvis.</p> <p><i>Brev til Statens vegvesen</i> Følgje opp nokre punkt i handlingsplanen over fysiske tiltak, og sende brev til States vegvesen om fartsgrense på Rv. 15, og om busslommeri Vårdalen.</p>	<p>TSJ/OR</p> <p>Sekretær trafikkssikrings- utvalet</p> <p>TSJ</p>
<p><u>Sendast til:</u> Utvalsmedlemmer Sander Sælthun Ola Rossehaug</p>	

VEDLEGG Handlingsplan – fysiske tiltak

Nr.	Målgruppe	Tiltak	Ansvar	Kostnad	År	Prioritet
1	Barnehagebarn og elever i grunnskolen	Brubakken, profil 10-365	Kommunal veg. MTN	3,4 mill. kr	2018	1
2	Barnehagebarn og elever i grunnskolen	Brubakken, profil 365-506	Kommunal veg. MTN	1,4 mill. kr	2019	2
3	Barnehagebarn og elever i grunnskolen	Belysning og rydding av sikteline i Knut Hamsuns veg	Kommunal veg MTN	Ikkje vurdert	2018	3
4	Barn og unge, generelt trafikantar	Fotgjengarovergangar sentrum, forsterka belysning	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	4
5	Generelt trafikantar	Vurdere lysregulering i krysset mellom Rv.15 og Fv 468, spesielt i sesong, med omsyn til fotgjengarar og bilistar.	Statens Vegvesen	Ikkje vurdert	Snarast	5
6	Barn og unge, generelt trafikantar	Utbetring av GS-innkjørsel frå Fv.467	Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	6
7	Barn og unge, generelt trafikantar	GS veg Fjellsenter- kryss RV15/FV467, vurdere krav til gatelys med drift	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	7
8	Barn og unge, generelt trafikantar	Busslommer i Vårdalen	Rv. 15. Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	8
9	Generelt trafikantar	Kryss til Øvre Ulstadveg, fri sikt	Kommunal veg. MTN	Kr 50 000,-	2019	9
10	Generelt trafikantar	Redusere fartsgrense frå 80km/t til 70km/t frå Frøyse til 50-sona i Garmo.	Rv.15. Statens Vegvesen	Ikkje vurdert	Snarast	10
11	Generelt trafikantar	Stenge for gjennomfart frå Røyskattlie forbi «pensjonatet» og Lom Helseheim. Ny varelevering til Lom helseheim er under planlegging, parallelt med ambulans-køyringa til helseheimen. Tilrettelegge med ny gangveg på andre sida av omsorgsbustadane i Krokmyra.	Lom kommune/ helse- og omsorg i samarbeid med prosjekterande	Ikkje vurdert	2017/2018	11
12	Generelt trafikantar	Prosjektare ny avkjørsel v/Bøverdalen kyrkje/Bakkebergsvegen	Fv.55 Kommunen	Ikkje vurdert	2017/2018	12
13	Generelt trafikantar	Merking av møtesoner og parkeringsforbod langs Sognefjellsvegen, mellom Breiseterdalen og Krossbu	Statens Vegvesen	Ikkje vurdert	Snarast	13
14	Generelt trafikantar	Parkeringssituasjon ved klatrefeltet i Tronoberget	Statens vegvesen	Ikkje vurdert	2018	14